



Fylkesrådmannen

Dato: 22.09.2014
Vår ref.: 2014/10498-22
Dykkar ref.:

Partsbrev - Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport for 2013 nr. 11 frå Deloitte

Vedlagt følger vedtak i PS 76/14 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 19.9.14.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Johnny Ernst Stiansen

Deloitte AS

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 19.09.2014

Handsaming i møte

Fylkesdirektør økonomi, Johnny Stiansen, og fylkesdirektør samferdsel, Håkon Rasmussen, orienterte om status på oppfølging av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det framleis er gjort lite i høve punkt 6 Fylkesveggar i rapporten. Det er starta opp ein prosess med å få dette på plass og det er ei målsetting at arbeidet skal vera ferdig i første kvartal 2015.

Espen Hordvik frå Deloitte orienterte frå møte dei hadde med Riksrevisjonen 10.9.14 angående revisjon av fylkesveggar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Deloitte føreslår at Riksrevisjonen gjennomfører revisjon av vegprosjekta Vikøy – Norheimsund og Stokkabekken-Rubbestadneset. Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i møte 4.5.2015 for å orientere om ny status i høve punkt 6 i revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte.